

FANGST OG SKJELPRØVAR I AUDNA


Fangststatistikk

Gjennomsnittleg fangst av laks i perioden 1995-2016 var 797 per år (snittvekt 2,3 kg), og fangstane har variert mellom 400 og 1200 dei fleste åra (**figur 1**, stolpar). Etter eit heller dårleg resultat i 2014, med 445 laks, har fangstane auka kraftig dei to siste åra, og i 2016 var det ein registrert fangst på 1500 laks, som er rekord for heile perioden.

Gjennomsnittleg fangst av sjøaure i perioden 1995-2015 var 188 per år (snittvekt 1,1 kg). Fangstane har variert usystematisk, frå nær 500 i 1995 og -96, til berre 12 i 2010. I 2016 vart det fanga 185 sjøaure (snittvekt 1,2 kg), som er eit resultat på det jamne.

Det er ingen klar samanheng mellom fangst av laks i Audna og i resten av fylket (**figur 1**, linjer), sjølv om enkelte periodar har liknande variasjon. Laksefangstane etter 2010 har vore høge i Audna i høve til resten av fylket, samanlikna med dei føregåande åra. Sjøaurefangstane var relativt sett svært høge i Audna i 1995 og 1996, men frå 2004 har mellomårsvariasjonen vore ganske lik mellom Audna og resten av fylket.

Sidan 2009 har ein del av den fanga fisken vorte sett levande ut att i elva. For laks har det utgjort 7-13 % av fangsten dei fem siste åra. I 2010 og 2011 vart over 90 % av sjøaurane sett ut att, etter det har andelen vore 10-40 %. I 2016 vart 12 % av laksane og 38 % av sjøaurane sett ut att.




FIGUR 1. Fangst av laks og sjøaure i Audna i perioden 1995-2016 (antal, stolpar). Det er skild mellom smålaks (<3 kg, grøn), mellomlaks (3-7 kg, raud) og storlaks (>7 kg, svart). Linjer viser fangst i resten av Vest-Agder, utanom Audna. **NB!** Fangst inkluderer både avliva og gjenutsett fisk.

Skjelmateriale

Det har vore samla inn skjelprøvar regi av Rådgivende Biologer sidan 2012, men opplutninga har variert, og to av åra kom det inn berre 10-15 prøvar. Dei siste to åra har det vore ei klar betring, og i 2016 mottok me skjelprøvar av 189 laks og 7 sjøaure, som er høvesvis 14 og 6 % av avliva fangst.

Det er ikkje registrert rømt oppdrettslaks i skjelmaterialet.

Eit særdrag ved villaksen i Audna ser ut til å vera ein uvanleg høg andel andregongsgytarar. I 2015 og 2016 hadde høvesvis 15 og 22 av laksane gytt før. Dette er ein langt høgare andel enn ein ser i dei aller fleste andre elvar.



FIGUR 2. Antal skjelprøvar frå Audna 2012-16 og andel rømt oppdrettslaks (%).

Skjel 2016



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf. 55 31 02 78 – Fax. 55 31 62 78

E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no


FANGST OG SKJELPRØVAR I LYGNA

Fangststatistikk

Gjennomsnittleg fangst av laks i perioden 1995-2016 var 429 per år (snittvekt 2,4 kg). Fangstane auka jamt frå seint på 90-talet og fram til 2005, deretter har det vore ein god del mellomårsvariasjon (**figur 1**, stolpar). Dei høgaste fangstane var i 2011 og 2012, med høvesvis 917 og 851 laks. I 2016 vart det fanga 686 laks (snittvekt 2,4 kg), eit av dei beste resultatata som er registrert. Det er relativt dårleg samsvar mellom fangst av laks i Lygna og resten av fylket (**figur 1**, linje).

Gjennomsnittleg fangst av sjøaure i perioden 1995-2016 var 403 per år (snittvekt 0,9 kg). Etter rekordåret 2000, då det vart fanga 1324 sjøaure, har fangstane gått jamt nedover. I 2016 vart det fanga 187 sjøaure (snittvekt 0,9 kg), eit resultat på det jamne i høve til den siste 10-årsperioden. Utviklinga i sjøaurefangstar er svært lik det ein ser i resten av fylket, noko som indikerer at dei viktigaste faktorane ikkje er særneigne for Lygna.

Sidan 2010 har 10-30 % av laksane og 45-65 % av sjøaurane vorte sett ut att i elva. I 2016 var andelen gjenutsett laks og sjøaure høvesvis 24 og 49 %. Gjenutsett fisk er inkludert i fangststatistikken.




FIGUR 1. Fangst av laks og sjøaure i Lygna i perioden 1995-2016 (antal, stolpar). Det er skild mellom smålaks (<3 kg, grøn), mellomlaks (3-7 kg, raud) og stortlaks (>7 kg, svart). Linjer viser fangst i resten av Vest-Agder utanom Lygna. **NB!** Fangst inkluderer både avliva og gjenutsett fisk.

Skjelmateriale

Det har vore samla inn skjelprøvar i regi av Rådgivende Biologer sidan 2012, men oppslutninga var dårleg dei tre første åra, det kom inn berre 20 prøvar totalt. Dei to siste åra har innsamlinga vore langt betre, og i 2016 kom det inn prøvar av 62 laks og 2 sjøaure, som er høvesvis 12 og 2 % av avliva fangst.

Det er berre dei to siste åra det er samla inn nok skjelmateriale til å vurdera innslag av rømt oppdrettslaks. I 2015 var det berre villaks, medan 1 av 62 var rømt laks i 2016 (1,6 %). Det ser ikkje ut til at rømt oppdrettslaks er eit stort problem i Lygna, men andel skjelprøvar i høve til total fangst er framleis litt for låg til å konkludera sikkert.



FIGUR 2. Antal skjelprøvar frå Lygna 2012-16 og andel rømt oppdrettslaks (%).

For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf. 55 31 02 78 – Fax. 55 31 62 78

E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no